



RETTLEIING TIL SAMTYKKESKJEMA FOR TVERRFAGLEG SAMARBEID

Eit samtykkeerklæring er eit viktig og nyttig verktøy for å kunne jobbe tverrfagleg og gi best mogleg oppfølging. Teieplikt er ikkje til hinder for at opplysningar blir gjort kjent for andre når den som har krav på taushet samtykker. For at eit samtykke skal vere gyldig, må det vere **informert, frivillig og skriftleg**.

Informasjon som vert gitt når eit samtykke hentast inn skal vere god nok til at den som samtykker/føresette vert gitt moglegheit til å gjere eit gjennomtenkt val. Hent inn samtykke på eit tidleg tidspunkt og sett av nok tid til ein god og tillitsskapande samtale. Forklar di rolle i det vidare tverrfaglege arbeid.

Det betyr at den som gir samtykke/ føresette med foreldreansvar på førehand må få informasjon om:

- kvifor instansen/tenesta ønsker samtykke
- kva ein samtykke til, kva slags opplysningar som skal delast/hentast inn
- kven opplysningane skal delast med
- kven ein vil innhente opplysningar frå
- kven som skal behandle opplysningane
- at samtykket er frivillig og kan trekkast tilbake
- at samtykket vert gitt skriftleg. (Eit munnleg samtykke er også gyldig, men må i så fall dokumenterast ved at referat frå samtale blir ført i personens/barnets journal/mappe mv.)

Viktig å tenke på ved utfylling av samtykkeskjemaet

Kven bør samtykket gjevast til?

Samtykket skal gjevast til tenesta/instansen de representerer, eks. barnevernstenesta, skule, barnehage, helsestasjon, psykisk helse e.l. Unngå at samtykke vert gitt til namngjevne tilsette. Den tilsette kan ha fråvær eller slutte i jobben.

Kva gjer vi når ein person ikkje vil gi samtykke?

Du må journalføre dette i eige saksbehandlingssystem.

Kva for informasjon kan gjevast og utvekslast?

Eit samtykke betyr i praksis at teieplikta vert oppheva så langt samtykket rekk. Det er derfor viktig å få avklart kva slags opplysningar det blir gitt samtykke til å dele/utveksle. Det skal ikkje delast/utvekslast fleire opplysningar enn kva samtykket dekker. Det skal ikkje deles fleire opplysningar enn det som er nødvendig for å oppnå målet i den enkelte sak. Eit samtykke innhenta til eit bestemt formål skal ikkje brukast for andre formål. Eit samtykke bør dekke at ein teneste/instans både kan gi og få opplysningar som er beskrive i skjemaet. Det er viktig å gi ei god beskriving av den informasjonen som kan delast.

Samtykke for barn under 18 år

Hovudregel

Samtykke må gjevast av dei som opplysninga, tiltaka eller planane gjeld. Når det gjeld barn under 18 år er hovudregelen at det er føresette til barnet som skal samtykke.

Ein mindreårig (under 18 år) kan berre foreta rettslege handlingar dersom det er særleg bestemt i lovgivinga. Det betyr at den mindreårige som utgangspunkt ikkje kan frita eit kommunalt organ for teieplikta. I staden er det føresette med foreldreansvar som har rett til å gi samtykke til deling av teiepliktig informasjon, jf. barnelova § 30. Føresette skal utøve foreldreansvaret ut frå barnet sine behov og interesser. Sjå nedanfor om barns rett til medverknad.

Har føresette felles foreldreansvar, skal de ta avgjerlene saman. Utgangspunktet er då at begge føresette skal samtykke. Dersom det er problematisk å få skriftleg signatur frå den eine føresett, er det tilstrekkeleg å få munnleg godkjenning eller signatur på e-post frå denne. Den tilsette må dokumentere dette i signaturfeltet til den føresett som ikkje fysisk skriv under skjemaet. Kven som har foreldreansvar skal gå fram av folkeregisteret.

Det finnes fleire unntak hovudregelen. Nokre av disse vert beskrive nedanfor.

Saker om helsehjelp

Over 16 år

Den «helserettslege myndigrettsalder» i Norge er 16 år. Det betyr at barn/ungdom over 16 år som hovudregel sjølv har rett til å samtykke til helsehjelp. Det betyr også at dei sjølv kan samtykke til at teieplikt i saker om helsehjelp fell vekk og at informasjon kan delast. Samtykket kan for eksempel gjelde utarbeiding av individuell plan og oppnemning av koordinator.

Under 16 år

For barn mellom 12 og 16 år skal føresette med foreldreansvar avgjere om teieplikta fell vekk. Barnet skal bli gitt anledning til å uttale seg. Frå 12 års alder skal det leggast stor vekt på barnet si meining. For barn under 12 år er det foreldra åleine som avgjer om opplysningar skal kunne bli gitt til andre. Barnet skal bli gitt anledning til å uttale seg.

Begge foreldre

Hovudregelen er at begge føresette skal samtykke til helsehjelp til barn under 16 år såframt den føresette har del i foreldreansvaret. Sjølv om den eine føresette ikkje bur saman med barnet vil den ofte ha del i foreldreansvaret. Føresette som har felles foreldreansvar, må som hovudregel vere einige for at samtykket skal vere gyldig. Føresette som ikkje har foreldreansvar har som hovudregel ikkje mynde til å samtykke på vegne av barnet.

Ein av føresette

Det er tilstrekkeleg at ein av føresette samtykker til helsehjelp som reknast som del av den daglege og ordinære omsorga for barnet. Slike avgjersler reknast ikkje som større avgjerder i barnet sitt liv som begge føresette må samtykke til når dei har felles foreldreansvar. Med helsehjelp som er ledd i den daglege og ordinære omsorga for barnet reknast for eksempel behandling av øyreverk, halsbetennelse, influensa, skrubbsår og så vidare.

Det kan oppstå situasjonar der føresette er ueinige i om barnet skal få helsehjelp. Dette kan blant anna vere aktuelt i samband med familiekonflikt, vald, overgrep og liknande. Videre kan

det vere aktuelt i situasjonar der føresette har forskjellig oppfatning av om barnet bør bli gitt helsehjelp eller ikkje. Det kan også oppstå situasjonar der det ikkje er mogleg å få avklart begge føresette sine synspunkt på yting av helsehjelpa, for eksempel fordi den eine føresette ikkje er mogleg å få tak i. I disse situasjonane kan den eine føresette med foreldreansvar åleine gi samtykke til helsehjelp, forutsett at kvalifisert helsepersonell ser på helsehjelpa som nødvendig for at barnet ikkje skal ta skade, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 4-4 (3). Før slik helsehjelp vert gitt, skal begge føresette, eller andre som har foreldreansvaret, så langt som mogleg få seie si meining.

Det er eit vilkår at kvalifisert helsepersonell meiner at barnet kan ta skade av ikkje å få hjelpa. Med kvalifisert helsepersonell er det meint helsepersonell som har nødvendig fagleg innsikt på området til å gjere ei forsvarleg vurdering av risikobildet og behovet for helsehjelp. Det vil som oftast vere den legen, psykologen eller tannlegen som er ansvarleg for helsehjelpa som bør utføre desse helsefaglege vurderingane.

Forutsetninga er at helsepersonell meiner at barnet kan ta skade av ikkje å få helsehjelpa. Kva som vil kunne vere skadeleg for barnet må vurderast konkret og vil til dels bero på eit helsefagleg skjønn hos helsepersonellet. Både skader av somatisk og psykisk art er omfatta. Skadeomgrepet vil derfor også omfatte tilfelle der det er viktig at barn får snakke med psykolog eller får eit behandlingstilbod ved Barne- og ungdomspsykiatri (BUP).

Unntaksreglane nemnt ovanfor må bli forstått slik at den eine føresette sin rett til å bestemme helsehjelp også gir rett til å samtykke til deling av teiepliktig informasjon med andre instansar når dette er nødvendig for å gi helsehjelpa.

Barnevernssaker

For barnevernssaker gjeld at barn som har fylt 15 år og forstår kva saken gjeld, kan opptre som part og kan gjere partsrettar gjeldande, jf. barnevernloven § 12-3. Der det er spørsmål om å dele teiepliktige opplysningar om eit barn, krev som hovudregel samtykke frå den eller dei som har foreldreansvaret. Når barnet har fylt 15 år og har sjølvstendige partsrettar krev det i tillegg eige samtykke frå barnet.

Har barnevernstenesta overtatt omsorga for eit barn under 16 år har barnevernstenesta rett til å samtykke til helsehjelp og deling av informasjon.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PP-tenesta (heretter PPT) er en lovpålagt og frivillig teneste. Føresette må samtykke til at barnet vert tilvist til PPT for utgreiing.

PPT utgreier ikkje barn og unge utan eit slikt samtykke frå føresette. Når ein person er blitt 15 år eller eldre, blir det kravd eige samtykke frå denne. Utdanningsdirektoratet presiserer at ein ikkje er avhengig av føresette sitt samtykke når barnet er fylt 15 år.

Føresette kan tilvise til PPT på eiga hand, men som regel utarbeidast tilvisinga av skule eller barnehage i samråd med føresette, og føresette samtykker i at tilvisinga vert sendt.

Det er skulen eller barnehagen som set i verk tiltaket (sjølvve den spesialpedagogiske hjelpa eller individuelt tilrettelagde opplæringa) etter at det er fatta vedtak i saka. Dette vedtaket bygg på den sakkunnige uttalen som PP-tenesta har utarbeidd.

Føresette som barnet bur hos kan samtykke til at det vert sett i gang sakkunnig utgreiing etter opplæringslova § 11-7. Begge foreldre må samtykke til vedtak om å sette i gang individuelt tilrettelagd opplæring uavhengig av om barnet bur hos begge føresette eller om barnet berre bur fast hos den eine.

Barn sin rett til å medverke

Etter kvart som barnet blir i stand til å danne seg sine egne synspunkt på det saka handlar om, skal føresette høyre kva barnet har å seie før dei tek avgjerse om personlege forhold for barnet. Dei skal legge vekt på det barnet meiner alt etter kor gammalt og modent det er. Det same gjeld for andre som barnet bur hos eller som har med barnet å gjere.

Eit barn som er fylt sju år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, skal få informasjon og anledning til å seie meininga si før det blir teke avgjerse om personlege forhold for barnet. Meininga til barnet skal bli vektlagt etter alder og modning. Når barnet er fylt 12 år skal det leggest stor vekt på kva barnet meiner, jf. barnelova § 31.

Kor lenge varer eit samtykke?

Det er ikkje regulert i lov kor lenge eit samtykke varer. Vi anbefaler anten å sette eit tidspunkt på minst 1 år eller å la tidspunktet stå opent og la det gjelde til samtykke vert trekt tilbake.

Dersom eit samtykke vert trekt tilbake, er det viktig å informere dei involverte. Du må journalføre at samtykke er trekt tilbake i eige saksbehandlingssystem.

Når samtykkeerklæring er gitt

Korleis gi informasjon om at samtykke er innhenta frå personen /føresette:

For å unngå at samtykke vert innhenta av fleire ulike samarbeidsinstansar anbefaler vi at kopi av signert samtykkeskjema vert sendt til dei aktuelle instansane straks det er innhenta, eller lasta opp i stafettlogg.

Ved første samtale med ein annan instans, må det informerast om at samtykkeskjema er underteikna og arkivert.

Korleis lagrar vi samtykkeerklæringa?

Samtykkeerklæringa skal arkiverast i det saksbehandlingssystemet som vert brukt i di teneste. Dei tenestene/instansane som er involvert kan be om å få kopi av samtykkeskjemaet tilsendt, eller kan finne det i stafettlogg.

Kva skal referatførast i eit samarbeidsmøte?

Dei opplysningane det er samtykket til kan delast i eit samarbeidsmøte. Det er viktig at referatet ikkje inneheld opplysningar som ikkje omhandlar personen saken gjeld. For eksempel: ver forsiktig med omtale av andre familiemedlemar.

Anonym drøfting

Som hovudregel skal offentlege tilsette innhente eit informert samtykke frå den vi hjelper, til å ta kontakt med andre delar av hjelpeapparatet. Om dette ikkje er mogleg, er teieplikta ikkje til hinder for at tenesteapparatet kan drøfte ei sak anonymt (det vert då ikkje gitt opplysningar som er eigna til å identifisere konkret sak eller person).

Meldeplikt til barnevernet

Teieplikta skal ikkje vere til hinder for å melde frå til politi og/eller barnevern når det er mistanke om at eit barn er utsett for vald/seksuelle overgrep, og/eller lever i vald. Meldeplikta går framfor teieplikta.

Opplysningsplikta til barnevernstenesta er todelt. Du har ei sjølvstendig plikt til å gi opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at barn

- blir mishandla heime
- blir utsett for overgrep, alvorleg omsorgssvikt, kjønnslemlesting
- viser vedvarande alvorlege åtferdsvanskar

Du har også ei plikt til å svare når barnevernstenesta ber om opplysningar.

Meldeplikta står i barnevernloven § 13-2, helsepersonellova § 33, barnehagelova § 22 og opplæringslova § 24-3. Meldeplikta går framfor teieplikta.

Sjå Fjord kommune sin [Handlingsplan mot vald i nære relasjonar](#).

Avvergingsplikt

Avvergingsplikta er ei plikt heimla i straffeloven §196, om å avverje ei straffbar handling ved å melde frå til politiet, eller på annan måte søke å avverje ei straffbar handling. Avverjeplikta gjeld når det står fram som sikkert, eller mest sannsynleg at ei straffbar handling er eller vil bli begått. Avvergeplikta opphevar teieplikta.

Avvergingsplikta gjeld blant anna i situasjonar der det kan skje mishandling i nære relasjonar, valdtekt, seksuelle overgrep mot barn eller drap.

I tillegg har visse yrkesgrupper plikt til å søke å avverje kjønnslemlesting etter straffelovens paragraf 284, tredje ledd. Dette gjelder blant annet barnehagar, barnevernet, sosialtenesta, helse- og omsorgstenesta, skular og skulefritidsordningar.

Dersom den straffbare handlinga allereie er begått, har du avvergingsplikt berre når du reknar det som sikkert eller mest sannsynleg at handlinga vil bli gjenteke. Du har også plikt til å avverge dersom du ved å varsle kan forhindre følger av handlinga, som at ein allereie inntredd skade forverrar seg.

Avvergingsplikta gjeld oss alle. Alle tilsette i Fjord kommune er personleg ansvarleg for å melde frå til politiet og/eller barnevern ved mistanke/bekymring om at eit barn eller ein ungdom er utsett for vald eller seksuelle overgrep. Drøft bekymringa med kollegar og din leiar. Er du fagperson og har kollegar eller en overordna som ikkje deler di oppfatning av at eit alvorleg lovbrøt vil skje, har du fortsatt plikt til å søke å avverge dersom du sjølv meiner det mest sannsynleg vil skje. Det er personen sitt liv og helse som står i fremste rekke. Det same gjeld om vedkommande er omsorgsperson og du fryktar at barn sitt liv og helse står i fare.

Les meir på <http://www.plikt.no/>